

Langs elvekanten

HARALD ØGLÆND

Hausten 1952 skreiv Harald Øglænd ein serie småstykke i Dagbladet Rogaland som han kalla "Langs elvekanten". Elva er Hå vassdraget og informantane til Harald Øglænd er ein generasjon eldre enn dei me i dag kan få i tale. Me trykker her to av desse stykka, nummer XI og XIV . Dei stod på trykk 11. oktober og 15. november 1952. Det er også Harald Øglænd som er meister for dei to illustrasjonane til artiklane.

XI

I tidlegare artiklar har eg fortald om ålefiske, og hadde tenkt at det her skulle vera nok åleprat, - men det er ikkje godt å skriva om Grødem og elva framom desse gardane utan å koma litt inn på ålen igjen.

Det er få stader i elva ein gjennom tidene har teke meir ål enn nett på Grødem, for elva er her nokso grunn og lagleg for ålemærar, og endå i dag finn ein på Grødem lange stykker avgrensa, tillødde steinstengsler uti elva, mest liknande "jeiler" å sjå til.


Eg rusla langs elvekanten her ein sundags føremiddag, og fekk Lars Grødem med på ferda. Elvekanten er her nokso ufør. Me tofla oss nedetter blant stein og kratt, - ja stundom vassa me i elva og. Der var gamle ålekjær og laksekjer han skulle syna meg, og der står tuftene etter den gamle beinmylna åt far hans, - og der synte han meg dei såkalla "kjerringsteinane". Alt skulle eg sjå, - og der han vadde laut eg og và...

Tilbake til ålen først. I gamal tid var det rikt ålefiske på Grødem. Mest ikkje å tru. Ein haust var kjera så fulle

at dei laut etter hest og kjerre for å kjøra fangsten heim. Det er ikkje den ålen nå å få, som i gamal tid, før elva vart regulert. Det seiast at mykje av ålen som kjem ovafor tek kosen om inntaksdammen til kraftverket på Fotland og vert sundmalen i turbinane. Me hugsar så vel i ein petitartikkel frå mørketida i dei straulause dagane for eit par år sidan då H. Aa. skreiv at dei "time" kjørde (fekk strauvatn mest berre på ål og sorpe).

Per Grødem, far åt Lars dreiv og beinmylne her, som eg sa. Han før rundt og kjøpte bein, stundom og i byen, - og desse beina mol han til beinmjøl og selde. Det var ikkje stort kraftfôr jær bøndene den tid kjøpte, så han hadde god avsetnad på beinmjølet sitt.

Nå står berre steinborga att av den gamle beinmylna. Stor var ho ikkje. Berre om lag som ei vanleg bekkjekvern. Og nå gror urskogen av stivt elvegras og orme-gras og alle slag forunderlege planter opp etter steinborgene og halvt gøymer desse gamle minner om farne tider.



Her var og ein gamal kyrkjeveg over elva. Det vil seia gongesteinar som er fint tillagde for fotfarande, og rett i elvekanten over på Oma ligg kjerringsteinane. Eit forunderleg namn, - men det heiter i muntleg tradisjon at det var kjerringane på Oma og dei på Grødem som i godvêrsdagar her møttest i prat med spøtepinnane sine. Her sat dei gjerne fleire stykker rett i elvesjoet, - lydde og hørde etter kva grannekona hadde å fara med, - kva dei putla med heime og gjerne korleis det kunne ha seg at eldste sonen til den eller den mannen drog på

sildefiske like til Kinn. Og mykje truleg har dei mange gonger seg imellom kviskra namnet åt pengefuten lensmann Skjeie med den svarte, vide hatten der han som ein trugane skugge gleid eller reid på hesten sin frå gard til gard og letta dei for desse sårt trengjande dalarane.

Laksen har og fylgt dei Grødem. Elva er som nemnt her nokso grunn og steinut med mange store brot. Under dei store steinane styvdar laksen på, liksom i livd. Og

her tek dei laksen med berre hendene. Det skal vera stor sport, men ikkje lite stridt heller når laksen er stor. Ein vassar berre ut i elva. Får ein auga på laksen innåt steinen, stryk ein handa varsamt ned og liksom kjæler den. Frametter – varsamt – lenger fram – varsamt, - inntil ein har handa under toknene. Då klemmer ein til. Her i haust gjekk son til Nils Grødem ut og tok ein laks på over 10 kilo med berre hendene. Det var eit hardt tak for guten, og iveren vart så stor at han mest ikkje kan fortelja korleis det gjekk føre seg å få den store ruggen på land. Men grepa godt gjort var det, det må den sanna som sjølv har vore i kast med storlaks..... Skal ein gå etter laks på denne måten lyt ein vassa og korkje vera kjelen eller redd vatn, - og som ein mann sa: "En verte kje varme før en æ heilt jønoblade" – og frå slik ei elveferd er det fortald nok ei soge:

Det var ein varm sommardag at nokre fine byfrøkner lauga seg i elva på Grødem. Nokso langt frå garden, så dei kjende seg trygge for folk. (Dei hadde visst ikkje så godt som bikini på seg då).

I beste lauget var det brått ei som skreik opp. Så skreik ei til, - og så skreik heile hopen og før på land heilt vetskræmde, - for her galdt det å berga både skinn og bein. Det var ein gardsmann som kom vassande til skrevs nedetter elva på lakseleiting. Slikt hadde nok aldri byfrøknene sett før, at folk vassa i elva når det var vegar å gå på, - anten måtte det vera ein galen, eller så også draugen.....

Det har i uminnelege tider vore godt samband mellom gardane Grødem på eine sida av elva, og Hognestad på andre sida. På Hognestad er skulen for krinsen,

og på Hognestad er det handelsmenn. Men elva har ikkje hatt køyrebru før nå nyleg den nye vart bygd. Tidlegare laut køyring gå om Oma – og fotfarande over ei smal gongebru med handrekke.

For 43 år sidan, fortel Lars Grødem, - så reiste denne gongebrua i flaum, og eg lyt fortelja eitt hende frå slik ei gong. (Utan å blanda Lars inn i det.)

Som me veit og kjenner til, hender det ofte att me vert brødlens (stompalause) som bur på landsbygda. På ein gard på Grødem hende det og, - og mannen i huset skulle i grålysinga avstad til Hognestad og gjera innkjøp.

Men som han kom og skulle over gongebrua hadde flaumen teke den om natta. I den tida var bruer bygde på privat kostnad, og stort arbeid var mange gonger lagt ned.

Mannen tok nedetter elva. Freista berga ei fjøl her og ein plankestubbe der. Gjekk så opp i bergingsarbeidet at han reint gløymde stompen han skulle avstad etter, - og dagen leid og det gjekk til kvelds


I mellomtida sat dei heime brødsvoltne og "å-ventne" – og det fortelst at drengen på garden gjekk ut i løa, - sette seg godt til rettes i kornsta'en og pitla korn som han tygde og åt.

- Metta det noko? Var det ein som sidan spurde.

- Å, - du veid dæ gjekk nogå seindrygt gjorde dæ!"

XIV

På Haugland står det einaste kvernhus som er att av alle kvernane som stod langs elvekanten. Det er "Hansakvedno" – mest berre som ein skugge frå si eiga



storhetstid då kvernsteinane mol og mol, då vass-spruten sto som eit røk omkring kadlane – og då dei gamle kallane smulka og lo med mjøl i skjegget når alt gjekk godt og mjølet vart fint.

Her er så mykje å fortelja om denne kverna at det vil sprengja råma i denne serien. Eg får halda meg til elvekanten nedetter og her fortelja ymist anna, - så skal eg ved seinare høve koma attende til "Hansakvedno" ...

Om lag tohundre meter nedanom "Hansakvedno" låg det vidgjetne Hauglandsvadet. Det vart nytta som elveovergang like til 1925 då den nye brua kom, og mangt eit hende frå den tid er meg fortald.

Gunnar Line og far hans tok ein vintermorgon ut i otta. Gamle Anfin skulle kjøra Gunnar på amttsskulen på Nærbø, og dei laut over vadet. Som sagt, dei tok ut i otta, og det var enda halvskymre då dei kom til Hauglandsvadet.

Elva gjekk stor og strid av isvatn, så overgangen kunne by på mange vanskar. Det galdt og om å halda seg til leida, og ein stor stein midt i elva måtte ein alltid køyra nedanom.

Køyretoningen var karjol med høge hjul – nokså "tyltne" veit me, og då dei var midt i elva og det eine karjolphjulet gjekk over denne steinen måtte det gå som det gjekk. Karjolen kvelta, - hest og køyretoning med karane i flaut med elva eit langt stykke nedover. Det kunne ha gått endå verre om ikkje hesten sjølv hadde krabba seg inn til elvebreidda, og dei to karane vart og berga, for dei hadde heile tida halde seg i karjolfatingen.

Å jau, Hauglandsvadet var frykta så vel av deikjende garande rundt, som av langferande. Ei gong kom presten Holm køyrande. Det var i 1885, i den tid var han prest i Hå. For sikkerhets skuld forhøyrde han seg på Rimestad korleis vadet var. Jau, meinte dei Rimestad, det kunne nok la seg gjera det. Og Holm kom til Haugland. Såg vadet – tenkte med seg at det går aldri. Han gjekk inn på næraste garden i heimen til Enevald Haugland som då var ganske ung. Enevald måtte retleida presten på beste måte – og presten tok løftet av Enevald at han ikkje skulle rikka seg frå elvebreidda før presten var vel over.

- Korleis gjekk det då? Spurde eg Enevald. – Å jau, dæ gjekk så tålig, men han var redde! ...

Og gamle Ole Persen Tårland kom ei gong frå Sandnes med ei materiellast. Tenkte det skulle gå godt, for han var vend med vadet. Det gjekk så tålegt den gongen og. Han kom seg til lands etter å ha reke med straumen eit stykke ...

Dette Hauglandsvadet var så fårlegt at ein alltid tok dei største forsiktighetsreglane. Der sjøelve vadet låg var elva nokso grunn, men rett nedanom djupna ho og hadde høge landbrot. Kom ein på rek med straumen og ikkje nådde elvebreidda før dei høge landbrota tok til, ville nok voner om berg vera svært små.

Ved dette vadet låg i gamal tid ein pråm som hørte til næraste garden der Enevald Haugland bur. Han lånte pråmen ut til folk som var fotfarande. Ei gong kom ein ungdom som skulle på friarføter til grannegarden Tårland rett over elva. Han fekk låna pråmen. Kom seg over og gjekk til Tårland til jenta si. Men ut på natta då han skulle heim hadde elva stege og teke pråmen på rek. Det vart såleis ein lang omveg for friaren, og eit par dagar etter kom han slepande attende til Haugland med pråmen, - takka for låna, - men sa desse orda som har levd på folkemunnen like til i dag: - Dæ va gildt – men den ugudelege har mange plager!

Enevald Haugland har vore gild å beretta mykje frå elva. Han er oppvaksen ved elvekanten, og har budd der all si tid i over åtti år.

Han fortel bl.a. at det i hans ungdom var bruk å iskøyra elva like ned til Nesheim. Det var før elva var regulert. Vass-standen i elva var naturleg, og då frostvintrane kom låg elva islagd lange tider. Dei hadde bruk for taretongler til gjødsel, og denne fine sjøanden til golvsand. Så kunne dei sele på gampane og ta elveleida ned til havet. Vegane var humpute og skranglute i dei tider, - men når dei kom på blanke stålisen og fleire ilag fôr nedetter elva var det moro,

fortel han. Slike små kulturstreif er det gildt å få veta om ...

Nå er me kome på djupare vatn. Frå Storemoset og ned til Nedre-Haugland er elva helst steinut og har bydd på gode ålefangstar og andre herligheter slik som kvernhusfall, perlefiske, og laksestikking som i si tid var livleg. Men frå Nedre Haugland til øvre delen av Hå går ho helst djup. På denne delen har dei best teke laksen med drivgarn.

På Nedre Haugland er det serleg to fiskeplassar som er velkjende. Krokhølen og Troget (Trøye). Her har det vorte drege mange fine laksar opp av fluefiskarane, og her i hølane har ein von om å gjera gode perlefangstar for den som er flink å dukke ned på botnen. Det seiest at nett i hølane finn ein dei største og finaste perlene, av di skjøla der er så vonde å finna og får tid å liggja og mognast eller fullførast.

I Krokhølen på Nedre Haugland bleiv det to ungdomar ei gong for lang tid sidan. Ein ungdomsflokk sette over elva i ein pråm. Det var kveld, og dei var på heimveg. Pråmen kvelta, - dei fleste fekk karra seg til lands, men to unggutar drukna den gongen.

Nedre Haugland skifter med gardane Rimestad og Tårland og Bjorland. Elva renn gjennom godt dyrka land der. "Som Nilens frodige bredder" . . . Han tok ikkje munnen for full, Hauglandsmannen som reiste med toget og som av konduktøren vart spurd om kor han var frå. "Jeg bor ved Nilen, ikkje ved dens munning (Hå) – men ved dens frodige bredder! . . ."

Men kor frodige breddene er langs elvekanten, så hender det gong etter gong at elva briskar seg, - fløymer inn og tek korn, høy og torv på rek til havs. Det hjelper ikkje regulering, ser det ut til. Når flaumane kjem, serleg slike vi hadde i haust, så krusar ho ikkje di Torland eller dei Rimestad. Ho tek sitt, - går vanngang i åker og eng, - tek med seg nokre lass fint korn her, nokre lass kålrabi der, for ikkje å snakka om alle dei torvrøyka ho har gynga med seg til havs.

Men bøndene her frametter likar elva. Dei er frå farne tider vane med flaumar og isgangar. Dei slost litt med elva som nå og då. Freistar berga litt frå det glupske vatnet. Er litt morske når elva er for grådig, men har alltid eit lite humor eller skjemteord til overs når alt er overstått.

Klypp frå Jærbladet 15. august 1967.

Ny rekordfangst av laks i år på Jæren og i Dalane?



I disse fiskeris godt la rekord det ve nen Ta Jærbla ein er stander

Som det gjore nare til det til 15.—2 var ka

Ann Elise Fosse t.v. og Jeanette Waldeland hjå Ingvald Ree syner her fram to laksar som veg 10–11 kg kvar. Dei er fiska i Hå-elva.

leg med Det kan g på el-stilhøva bra med

ret kan for seg stadelva, e å seia stemning fiske av es peike

lv eit ut- med tanke på å få fisket til å gå i lovlege former, men likevel er det nokon som bryt reglane og då vankar